

# Jubilering og historiebruk

Olaf Aagedal

Det går ikkje lang tid mellom kvar gong ein kan lese i avisene om eit nytt historisk jubileum. Diskusjonen etter avviklinga av hundreårsmarkeringa for unionsbrotet med Sverige i 1905 (heretter omtalt som «unionsjubileet») førte rett over i diskusjonen om korleis ein skal markere eller feire den norske grunnlova av 1814 i 2014. Og imellom desse to store merkeåra skal ei rekkje nasjonale jubileum gå av stabelen. I 2011 markerer vi mellom anna jubileum for Roald Amundsen, Fridtjof Nansen og Universitetet i Oslo.

Det kan vere fleire grunnar til at vi no får slike jubileumsbølger. Ein grunn er årstala som vi no er inne i som ligg 100, 150 eller 200 år etter store nasjonsbyggingsperiodar i Noreg. Ein annan kan vere ei auka interesse for å bruke kulturliv og historie til å skape «events» som kan setje staden på kartet (Aagedal, Egeland og Villa 2009). Å feire fødsel og død til kjende personar og hendingar på lokalt og nasjonalt nivå skaper mange høve til å markere seg.

Stor jubileumsaktivitet er elles ikkje noko spesielt norsk fenomen. Den amerikanske historikaren W.M. Johnston skreiv på 90-talet at vi er inne i ein periode som er prega av ein «besettelse» for jubileum (Johnston 1991). Som eksempel nemnde han mellom anna feiringane av 200-års jubilea for den amerikanske konstitusjonen i 1987 og for den franske revolusjonen i 1989, og han spådde at denne trenden ville føre til ei omfattande markering av tusenårsskiftet i år 2000. Både i USA og i Europa markerte ein i tiåra fram mot tusenårsskiftet jubileum i form av store prosjekt og massearrangement som gjer at ein kan snakke om ein ny jubileumskultur og ein jubileumsindustri. Typiske trekk ved denne jubileumskulturen er store

statlege satsingar, samarbeid med kommersielle aktørar, omfattande bruk av moderne massemedia, spektakulære produksjonar, installasjonar og arrangement retta mot eit massepublikum.

I denne artikkelen skal vi sjå nærare på jubilea sin bruk av historie. Historiske jubileum er ein måte samtida brukar fortida på. Dette reiser fleire interessante spørsmål. Kva blir valt ut som verdt å minnast, kvifor blir desse hendingane og personane valt ut, og korleis blir dei brukt under eit jubileum? Kva interesser kan ligge bak ei jubileumsmarkering, og kva kan eit jubileum gjere med oss som deltek? Dette er store og komplekse spørsmål, og i denne artikkelen kan vi drøfte berre nokre av dei spenningane og dilemma som kan oppstå i samband med eit jubileum sin bruk av fortida. Vi skal først sjå på jubileum ut frå eit kammerspektiv; kven kjempar, og om kva? Deretter skal vi drøfte jubileum som forskings-tema og introdusere eit iscenesetjingsperspektiv på historiske jubileum. Så går vi nærare inn på ulike kompetanseområde som blir aktualiserte når ein skal jubilere, og ser nærare på spenningar mellom historiefagleg kompetanse og andre former for kompetanse. Desse spenningane blir illustrerte med døme frå det norske unionsjubileet i 2005 og det danske grunnlovsjubileet i 1949. Vi avsluttar med nokre kommentarar om den vanskelege kunsten å jubilere og korleis denne kunsten vil bli praktisert under grunnlovsjubileet i 2014.

## Jubileum som kamp om merksemd og ressursar

Jubileumstider blir ofte kamptider. Jubileumsår kan vere potensielle gullgruver for historikarar, museum og historiske bygningar og stader. Det komande grunnlovsjubileet er eit eksempel på at kampen om 2014 forlengst har starta. Allereie i 2002 uttalte dåverande kulturminister Trond Giske følgjande: «Jeg kan ikke se noen bedre måte å feire grunnlovsjubileet på enn med et OL i Tromsø 2014.» Han meinte rekninga for dette arrangementet måtte sjåast som ein del av kostnadene i samband med grunnlovsjubileet. Som kjent vil det ikkje bli noko «grunnlovs-OL» i Tromsø i 2014, men det manglar ikkje alternative forslag. Bente Sandvig, spesialrådgjevar i Human-Etisk Forbund, hevdar at «den beste måten å markere grunnlovsjubileet på

er å avvikle statskirken». Aslak Sira Myhre (RV) vil arbeide for at Noreg skal bli republikk, og meiner at dette bør vere mogeleg å gjennomføre innan grunnlovsjubileet i 2014. Eit historisk jubileum er også ei tid for lansering av store bokverk. *Norsk ordbok 2014* er eit ordboksverk i tolv bind som skal liggje føre til grunnlovsjubileet, og eit nytt historieverk om naboskapet mellom Noreg og Russland skal også lanserast dette året: «Vi ønsker å bidra til at grunnlovsjubileet i 2014 ikke får et ensidig fokus på det norske, men heller retter fokus mot Norge som et flerkulturelt samfunn og vårt forhold til andre land», seier prosjektleiar Jens Petter Nielsen ved Universitetet i Tromsø.

Eit jubileum kan vere ei god tid for nybygging, restaurering og oppussing. Vi kjenner tankegangen frå vår private jubilerings, der konfirmasjonar og sølvbryllaup blir anledningar for å bytte ut salongen og friske opp veggmalinga. Norsk folkemuseum varslar om omfattande behov. Halve museet har vore stengt i 15 år, og skal heile museet kunne visast fram i 2014, treng dei 335 millionar.

## Jubilerings som kamp om fortida

Men eit historisk jubileum er ikkje berre ein kamp om merksemd og pengar. Det kan også forståast som ein kamp på eit anna plan, som ein kamp om definering av fortida. Fortida er ikkje ei avslutta og lukka forteljing, ho er ei forteljing som stadig blir omformulert, og historiske jubileum er ei særleg tid for slike omformuleringar. Ulike versjonar av fortida er moglege, og det kan knyte seg ulike interesser til kva versjon som skal gjelde. Derfor blir kampen om fortida også ein politisk kamp, ein arena for det den danske historikaren Anette Warring kallar erindringspolitikk eller minnepolitikk (Warring 2004:10).

Når fortida blir ein politisk kamparena, er dette sjølv sagt ikkje ut frå historisk interesse for kva som skjedde, men fordi tolkinga av fortida legg føringar på forståinga av notida og framtida og pregar synet på kven vi er, og kvar vegen går vidare. Derfor er jubileumsfeiring også ein form for identitetspolitikk.

## Jubileum som forskingsfelt

Den danske historikaren Anette Warring har analysert danske grunnlovsjubileum ut frå perspektivet minnepolitikk og identitetspolitikk (Warring 2004, Brottveit og Agedal 2005). Dette er berre eitt eksempel på at jubileum er blitt eit veksande forskingsfelt, noko som igjen heng saman med at jubileum både i Europa og USA er blitt storsatsingar og ein del av det som blir omtalt som den nye opplevingsindustrien (Johnston 1991, Eriksen 1999). Både i Europa og i USA er det blitt gjort omfattande studiar over jubileum (Johnston 1991). I skandinavisk samanheng er danske grunnlovsjubileum blitt forska på, og i Noreg er det mellom anna gjort studiar på 1000-årsjubileet for Trondheim i 1997 og markeringa i 2005 av unionsbrotet med Sverige (Warring 2004, Brandt 1999, Eriksen 1999, Brottveit og Agedal 2005, 2006). Dei fleste eksempla i denne framstillinga er henta frå Anette Warrings studie over danske grunnlovsjubileum og min eigen studie over unionsjubileet i 2005.<sup>1</sup>

Det er fleire grunnar til at jubileum er interessante som forskingsobjekt. For det første er dei interessante fordi dei på ein særleg måte set ord på kven jubilaranten er eller ønskjer å vere. Dette er ei tid då det blir sett ord på førestellingar og kjensler som ofte elles ligg meir implisitte, og derfor kan det vere ei godt høve for studiar over identitet. Det kan dreie seg om det sjølvbiletet som kjem offisielt til uttrykk gjennom mål, program og talar under jubileet.<sup>2</sup> Eit jubileum dreier seg ikkje berre om offisielle intensjonar og programformuleringar, men også om iscenesetjing av desse i ei jubileumsfeiring og om folk si deltaking i og oppleving av feiringa. Det er enklast å studere den offisielle versjonen fordi han som oftast er skriftleg nedfelt og arkivert og kan bli studert i ettertid. Vanskelegare er det å få tak i det vi kan kalla den folkelege deltakinga og opplevinga av eit jubileum, fordi desse berre sporadisk blir dokumentert og arkivert for ettertida. Men når det gjeld spørsmålet om kor viktig jubileet er som identitetspolitikk, er det kanskje den uoffisielle versjonen som er mest interessant. Jubileum

- 
1. Artikkelen byggjer i høg grad på tidlegare analyser av unionsjubileet i 2005. Når det gjeld nærare dokumentasjon og drøfting av tema i artikkelen, sjå Brottveit og Agedal 2005, 2006.
  2. Warring har til dømes analysert talar, leiarartiklar, program og så vidare i tre danske grunnlovsjubileum.

har eit særleg potensial når det gjeld å skape det Warring kallar kroppsleggjort erfaring (2004:13). Det tyder at den kunnskapen vi kan få gjennom eit historisk jubileum, kan bli noko anna enn berre intellektuell kunnskap om fortidige hendingar. Han kan bli erfaringar som set seg i kroppen som sanseopplevingar og kjensleintrykk vi får gjennom feiringar vi deltek i.<sup>3</sup>

## Iscesetjingsperspektivet

Vi kan ut frå det vi har sagt, sjå eit historisk jubileum som ei notidig iscesetjing av ei tolking av fortidige hendingar. Ei slik iscesetjing kan vi beskrive gjennom den måten jubileet bruker rom, tid og aktørar på. La oss ta «jubileumsgeografien» som eksempel. Den *romlege dimensjonen* i eit historisk jubileum dreier seg mellom anna om bruken av stader og bygningar. Scenen for jubileumsmarkeringar blir ofte stadene og bygningane der ein i ettertid oppfattar at viktige historiske hendingar har gått føre seg. Døme på dette frå unionsjubileet er Stortinget i Oslo og Frimurerlosjen i Karlstad.

Men jubileumsmarkeringar kan også bli lagt til arenaer som ikkje har noka direkte tilknytning til dei fortidige hendingane. Det kan vere ut frå arrangementstekniske omsyn, men det kan også vere ut frå ønskje om ikkje å vere for nasjonalistisk og «tilbakeskodande» eller om å profilere ein alternativ minnepolitikk. Å analysere kva stader som blir brukte, og kva «tradisjonelle historiske stader» ein ikkje bruker, kan gje eit bilete av minnepolitikken til eit jubileum.

Når det gjeld det komande grunnlovsjubileet, ligg det allereie no eit tydeleg varsel om at Eidsvoll, og særleg Eidsvollsbygningen, som ein kan vente, vil vere ein sentral arena for feiringa. Det er sett i gang ei omfattande restaurering av bygningen, som skal vere ferdig til 2014. Men grunnlovsjubileet i 2014 kan også vere ei gyllen anledning til å bringe fram frå «den historiske gløymsla» stader og bygningar som er mindre kjende, for å bygge lokal og regional identitet. Fylkesordføraren i Østfold og ordførarane i Spydeberg og

---

3. Perspektivet på jubileum som kroppsleggjort erfaring var noko av bakgrunnen for at det i tilknytning til unionsjubileet i 2005 blei sett i gang eit dokumentasjonsprosjekt om den folkelege feiringa av jubileet. Prosjektet skulle dokumentere korleis jubileet blei sett i scene gjennom ulike arrangement og folk si deltaking i og oppleving av unionsjubileet (Brottveit og Aagedal 2005, Brottveit og Aagedal 2006, Selbekk og Aagedal 2007).



Iscenesetjing gjennom bruk av tid og stad. Feiring av Karlstadkonvensjonen 23. september 2005 på torget i Karlstad, like ved Frimurarlosjen, der forhandlingane gjekk føre seg i 1905. (Foto: Olaf Agedal)

Moss planlegg eit «fylkesspill» som synleggjer «Østfolds betydning» gjennom hendingane på Spydeberg prestegård og i Konventionsgården i Moss.

Minnepolitikken blir også utforma gjennom bruk av *tidsdimensjonen*: kva datoar og hendingar ein vel å markere, og kva ein stilt går forbi. Skal jubileet konsentrere seg om nokre få spesielle dagar, eller skal det gå over heile året? Kva skal vere start, høgdepunkt og avslutning? Her vil som regel faghistorikarar legge viktige premisser for defineringa av jubileumskalenderen i historiske jubileum, men strategiske og politiske interesser hjå arrangøren vil også kunne prege kalenderen. Ved unionsjubileet i 2005 var det til dømes påfallande at datoen for folkeavrøystinga 13. august (som frå ein faghistorisk synsvinkel var viktig og interessant) ikkje blei markert i det offisielle programmet. Fleire tolka dette som eit uttrykk for at ein ikkje ønskte å rette søkelyset mot ei folkerøysting mot union i ei tid då EU-saka var betent (Brottveit og Agedal 2006:127).

*Aktørdimensjonen* dreier seg ikkje berre om kva historiske aktørar som blir fokuserte, og kva tyding desse blir tillagde, men også om kven som skal vere sentrale aktørar i dagens jubileumsmarkeringar. Historiske jubileum er gode tider for å publisere biografiar; nye aktørar kan bli trekte fram, og gamle heltar kan risikere å miste helteglorien sin. I dagens iscenesetjing blir

det ofte kamp om nokre aktørar som blir oppfatta som sentrale. Opninga av den nye Svinesundbrua var planlagt til 7. juni 2005, men den svenske og norske kongefamilien som skulle markere opninga ved å møtast midt på brua, var opptekne i ei anna «forestilling» denne dagen, og bruopninga blei flytta til 10. juni.

## Jubileumskompetanse

Å gjennomføre eit historisk jubileum krev fleire former for kompetanse. *Historiefagleg kompetanse* kan bli brukt for å avklare det historiske fundamentet for feiringa, for å drøfte kva som er sentrale stader, tider og historiske aktørar som jubileet kan ta utgangspunkt i. Mange vil sjå på jubileum som eit godt høve til å lære om og av historia, til å auke kunnskapsnivået og trekke moralske lærdomar av fortida. For historikarar kan jubileum vere eit godt utgangspunkt for auka merksemd og ressurstildeling ved at det blir sett av pengar til historieverk, bibliografiar og historiske utstillingar. Slik sett kan dette vere gylne tider for historiefaget, men det kan også ligge spenningar her fordi også andre grupper og profesjonar har forventningar.

Jubilering krev også *politisk kompetanse*. Ein må skape tilstrekkeleg konsensus om kva som skal markerast, og kva målet med jubileet skal vere. Naudsynlege avgjersler om prioritering av ressursar og styring av prosessar må ein ta i god tid.

Som grunnlag for politisk styring er det også viktig med *kulturell kompetanse*. Ein må til dømes kjenne til fest- og feiringstradisjonar i befolkninga som vil påverke mottakinga av eit jubileumsprogram. Ser ein på jubileum som berre ei offisiell sak som blir markert av ein nasjonal elite, eller er det forventningar om ein fest for heile folket?

Mange nasjonale jubileum er i dag blitt store og komplekse arrangement. Dette aukar kravet til *arrangementskompetanse* når det gjeld økonomistyring, logistikk og teknisk gjennomføring. Derfor er det ikkje uvanleg at det blir bygd opp eigne prosjektorganisasjonar som over fleire år har ansvar for planlegging og gjennomføring av eit jubileum, og som i større eller mindre grad er sjølvstendige, det vil seie uavhengige av den politiske styringa av jubileet.

Eit jubileum i eit moderne mediasamfunn må kjempe om merksemd fordi det er mange andre hendingar og tilbod. Dette stiller krav til *dramaturgisk kompetanse*, slik at ein kan fortelje den historia jubileet byggjer på, på ein måte som blir høyrd.

## Kunsten å kombinere ulike former for jubileumskompetanse

Kunsten å jubilere dreier seg om å ha tilgang til ulike former for kompetanse og å kombinere denne på ein fruktbar måte. Det er ikkje enkelt, for mellom dei ulike formene for kompetanse kan det vere spenningar, konkurranse og konflikhtar. Sidan vårt utgangspunkt er historiebruk, skal vi sjå litt nærare på forholdet mellom den historiefaglege kompetansen og andre typar kompetanse.

Historiefagleg kompetanse og *politisk kompetanse*: Den historiefaglege tilnærminga er spørjande og kritisk når det gjeld kjeldegrunnlag og fortolking av hendingar. Dette kan kome i konflikt med jubileumsarrangørar sine ønskje om å bruke historikarar som sanningsvitne for moralske forteljingar dei ønskjer å trekke ut av ei hending og byggje jubileet på.

Historiefagleg kompetanse og *kulturell kompetanse*: Ulike samfunn kan ha ulike kulturar og tradisjonar når det gjeld korleis ein feirar hendingar i fortida. Slike feiringstradisjonar kan også vere baserte på oppfatningar av fortida som historikarar kan problematisere. Her ligg det potensielle konflikhtar fordi historikarar med si nyansering og problematisering av dei dominerande bileta av fortida lett kan bli oppfatta som festbremser.

Historiefagleg kompetanse og *arrangementskompetanse*: I den moderne jubileumskulturen blir økonomien ved store jubileum i aukande grad basert på sponing og sal av jubileumsframsyningar og produkt. Dei som sit med ansvaret for økonomistyring av store historiske jubileum, kan vere skeptiske til å la historikarar få for stor påverknad på programprofilen fordi dei er redd for at jubileet skal bli ein «historietime» som det er vanskeleg å selje.

Historiefagleg kompetanse og *dramaturgisk kompetanse*: Liknande spenningar kan oppstå mellom dei ansvarlege i media som har dramaturgisk kompetanse, og kulturinstitusjonar som skal setje i scene jubi-



NYA  
**WERMLANDS-TIDNINGEN**  
 VÄRMLANDS OCH KARLSTADS STIFTS TIONING. GRUNDAD 1836. PRIS: 12 KR

A 228 110

LÖRDAG  
**24**  
 september 2005  
 VECKE 39


NÖJE  
 Laddat för  
 Kultur natt  
 2005  
 Sidan 26, del 1



KARLSTAD  
 Julian - en  
 unionsbebis  
 såg dagens ljus  
 Sidan 6, del 1



KULTUR  
 Erlend Loe  
 häcklar  
 normmännen  
 Sidan 25, del 1



Tusentals människor samlades på Stora torget i går för att fira 100-årsminnet av unionsupplösningen. Det viftades med norska och svenska flaggor och stämningen var hög - en festsättning som satte sin prägel på hela innerstan. FOTO: MIKAEL LINDBLUM

**UNIONSFIKRENDEN:** "Karlstad ett exempel till efterlevnad för hela världen"

# Vilken kjempesfest!

■ Över 5 000 människor firade på Stora torget, när statsminister Göran Persson och Kjell Magne Bondevik kom till Karlstad för att högtidligt hålla 100-års-

minnet av unionsupplösningen i går. Kjell Magne Bondevik hade med sig en hälsning från FN:s generalsekreterare Kofi Annan. - Kofi Annan säger att Karl-

stadstrakten är ett exempel till efterlevnad för hela världen! - Vi firar i dag två självständiga nationer, som för 100 år sedan var spröda och fattiga, men som

i dag är stabila och livskraftiga demokratier med stort engagemang i världen. En fantastisk utveckling, sade Göran Persson.

Sidorna 4-11, del 1



**TAXIOLINJE KARLSTAD**

Vi kör även gods- och budtransport.  
 Ring 054-21 04 10 för mer information

**150 200**

En å femti, två kronor dygnet runt

**Santex Uterum Förläng sommaren!**

**BEIJER BYGGMATERIAL**

"Stig och byggmaterial. Gått och badstuga. Flög och hoppar. Allt för tryggt under svenska tak!"

Hubbogsgatan 2 (vid Hammarbecken) Karlstad 078-241 1000  
 Öppet: Måndagar-torsdagar 7-18.00 Lördagar 9-14.00

**ÖPPET: KÖP KAKEL & KLINKER HÄR!**

Vard. 10-18  
 Lörd. 10-15  
 Sönd. 11-15

**STUV Butiken**

KAKEL KLINKER  
 FÄRGTÄTTA  
 PLASTTÄTT  
 FÄRGTÄTT  
 LÅSTÄTT  
 ELVIS-REKONSTRUKTION

Stuvsgatan 5, Yttre Karlstad  
 054-18 11 97, www.stuvbutik.se

Karlstad brukar unionsjubileet til å setje staden på kartet som fredsby.

leumsbodskapen. I dag er det store forventningar om at utdanning og kunnskapsformidling også skal vere underhaldande. For å kome dette behovet i møte rammar ein oftare enn før inn fakta i forteljingar med innslag av fiksjon, og det oppstår nye sjangrar som blir omtalt som «faction» og «edutainment».

## Spenningar i historiebruk i to jubileum

I det følgjande skal vi sjå nærare på eksempel på spenningar og konflikthar knytte til bruk av historie i to nasjonale jubileum: unionsjubileet i Noreg i 2005 og grunnlovsjubileet i Danmark i 1949.

Når det gjeld 2005-markeringa, vil eg konsentrere meg om det statlege arrangørselskapet Norge 2005, som hadde hovudansvaret for markeringa av unionsoppløysinga, og som fekk tildelt dei største ressursane med eit statleg tilskot på 130 millionar. Slik sett illustrerer dette den trenden vi før har vore inne på, der store nasjonale jubileum blir organiserte gjennom eigne arrangementsorganisasjonar. Det fanst også andre aktørar, men desse hadde langt mindre ressursar.

Norge 2005 blei kritisert for stort pengeforbruk og dårleg økonomistyring. Selskapet hadde samstundes ein stor «jubileumsproduksjon» (10 000 arrangement) og etterlét mykje interessant erfaringsmateriale som grunnlag for vidare refleksjon og læring. Her vil vi sjå nærare på dette statlege selskapet sin «jubileumsfilosofi» og «jubileumspraksis» med tanke på nokre av dei spenningane vi har drøfta ovanfor når det gjeld bruk av historie.

## Unionsjubileet i 2005 og «edutainment-fella»

Eit viktig premiss for jubileumsprofileringa er, ifølgje Warring, sjølv syntet på historia (2004). I 2005-markeringa kjem det også fram ulike historiesyn og ulik bruk av historia. For det første kan ein sjå dette som ei spenning kring spørsmål om historiefaget og historikarane sin posisjon i jubileet. Historisk forskning og formidling blei tidleg skilt ut som eit eige prosjekt med den treffande tittelen Prosjekt 1905, til skilnad frå Norge 2005. Det kan sjå ut som om det var ein viss konkurranse mellom desse to prosjekta, både når det gjeld ressurstilgang, og når det gjeld ideologi. Arrangørane

i Norge 2005 var truleg opptekne av at hundreårsmarkeringa ikkje skulle bli historikarane si markering, og at ikkje historisk ekspertise skulle bli ei tvangstrøye for hundreårsmarkeringa. Det historiesynet som kjem fram her, kan ein karakterisere som eit postmoderne syn, der historia blir eit arsenal av forteljingar som kan bli tolka og brukt til ulike formål. I hundreårsmarkeringa blir dette særleg tydeleg i annonsering og utforming av fleire av fjernsynsproduksjonane, der det blir poengtert at det ikkje skal dreie seg om ein historietime. Ein måte å unngå dette på var å satse på *edutainment-sjangeren*, der historisk kunnskap og samtidskunnskap, fakta og fiksjon blei framstilt på ein underhaldande måte. Denne tonen blei slått an alt i opningsshowet i Drammen teater, «En egen stemme». Om dette showet seier manusforfattaren og regissøren Svein Sturla Hungnes dette: «Vi skal ljuge så det renner av oss. Dette er ikke en historietime, men et show.» Samstundes forsikra han at «han har lest uendeleg mye norgeshistorie i det siste og mener han står på trygg grunn når det gjelder hvilke historiske temaer showet bygger på» (*Verdensborger i forvandling*. Informasjonsavis for Norge 2005).

Sjangeren prega også fleire av dei andre film- og TV-produksjonane som Norge 2005 initierte. Problemet med sjangeren er sjølv sagt ikkje at ein lager show med utgangspunkt i historia, men at ein her seier at ein «lyg» samstundes som ein står på «trygg grunn». Dermed hamnar ein i det eg vil kalle *edutainment-fella*, ei samanblanding av fakta og fiksjon som blir presentert med seriøse ambisjonar, samstundes som innhaldet er upåliteleg og umogeleg å diskutere seriøst.

Den same sjangeren prega også den såkalla hundreårsdebatten som kom på bakgrunn av omfattande gallupundersøkingar, som var initierte og finansierte av Norge 2005, om norsk sjølvbilette og utlendingar sitt syn på nordmenn. Funna blei presenterte gjennom pressemeldingar, ofte med tabloide overskrifter og kommentarar frå direktøren i Norge 2005, slik som denne:

#### **Ja, vi elsker – lokalsamfunnet**

Undersøkelsen viser raskt oppsummert at vi nordmenn ikke er som alle andre når det gjelder det nasjonale følelseslivet. Likevel er det godt å vite at vi er relativt opplyste når det gjelder virkelighetsforståelsen av hvor de viktige beslutningene

blir fattet på et globalt nivå. (Direktør Raanes i pressemelding frå Norge 2005 21. september 2004)

Vurdert som kampanje blei desse gallupane ein suksess; resultatane med Norge 2005 sine vinklingar fekk mange og store medieoppslag. Vurdert som forskning har desse analysane og tolkingane alvorlege manglar: Relevante samanlikningar med data om andre land manglar, resultatane blir ikkje samanlikna med tidlegare forskning, og attgjeving og tolking av talmaterialet er selektiv og tendensiøs. Når desse resultatane blir kritiserte ut frå forskingsmessige kriterium, er eitt av motargumenta at dette ikkje primært dreidde seg om forskning, men var meint som ein mediekampanje for å få i gang debatt. Denne både-og-logikken er typisk for det eg tidlegare har omtalt som *edutainment-fella*.

## Dansk grunnlovsjubileum 1949: å lære om og av historia

Grunnlovsdagen er Danmarks offisielle nasjonaldag. Det ein feirar, er kong Fredrik 7.s underskriving av Danmarks grunnlov 5. juni 1849. Grunnlovsjubileet i 1949 var det første statleg arrangerte jubileet. Riksdagen og regjeringa bestemte seg for å satse på ei storstilt feiring. «Riksdagen styrede selv det offisielle jubileum og lagde rammer for de lokale grunnlovsfeiringar» (Warring 2005:6). At grunnlovsfeiringane blei underlagt ei felles *offisiell organisering* både sentralt gjennom Riksdagen si styring og lokalt gjennom oppmodinga om kommunale grunnlovsarrangement, var eit brot med den danske tradisjonen med partipolitisk organisering av feiringane. Elles blanda Riksdagen seg ikkje inn i lokale feiringar og ytte inga økonomisk støtte. Dei sentrale aktørane i feiringane blei regjeringa, Folketinget og historikarar.

Feiringane gjekk føre seg i ein periode prega av konsensus rundt eit «erindringsfelleskap» med eit positivt syn på grunnlova og dansk demokratisk samfunnsstradisjon. I 1949 ville Riksdagen «sette et monumentalt minne over grundloven og det danske samfunn [...]. En enig Riksdag ville markere grunnlovsjubileet på monumentalt og storslått vis i politisk samdrøktighet» (Warring 2005:6). Dette var eit jubileum som blei prega av at ein både skulle lære om og av historia. «Historien var et vækktigt indslag i fejringerne

og blev tillagt stor autoritet i ifht. nutiden. Historien fungere som autoritativt bevis for at det danske demokrati var verdens bedste og stærkeste» (Warring 2005:7). Feiringa var konsentrert rundt grunnlovsdagen 5. juni for den statlege nasjonale markeringa og 6. juni for lokale feiringar. Den 5. juni blei det lagt opp til ei høgtidleg og storstilt markering med Riksdagen og Christiansborg som det rituelle sentrum. Dagen starta med kransepålegingar, heldt fram med festgudsteneste og nådde sitt rituelle høgdepunkt ved minneseremonien i Riksdagen, der heile det offisielle Danmark deltok. Deretter var det historisk opptog, folkemøte og festframsyning i teateret. Dei lokale arrangementa dagen etter hadde varierende innhald og form, men også her var historiske opptog og dramatiseringar vanlege innslag.

Som før nemnt la ein i dette jubileet stor vekt på at ein skulle lære *om* og *av* grunnlova, og dette prega også fleire av dei andre satsingane i dette jubileet. Over ein tiårsperiode hadde ein arbeidd med eit stort historieverk om grunnlova si historie, og det blei produsert ei utstilling om det same. Også i medieformidlinga av jubileet blei det lagt vekt på at folk skulle bli kjende med og få respekt for den danske grunnlova. Det blei mellom anna produsert ein grunnlovsfilm, «For frihed og ret», som dramatiserte viktige scener i historia til grunnlova.

Delinga av feiringa i ein nasjonal-statleg del 5. juni og ein lokal del 6. juni var mellom anna motivert av tanken om å skape ei mediehending, der folk gjennom radioen kunne samlast som nasjon og ta del i den statlege seremonien før dei feira grunnlovsdagen lokalt dagen etter (Warring 2003:130, Dayan og Katz 1996). Feiringa la opp til å formidle den offisielle versjonen av den danske grunnlova og det danske demokratiet, basert på førestellinga om konsensus rundt eit minnefellesskap. Basert på dette ønskte ein å skape både høgtid og folkefest.

Ifølgje Warring blei desse måla ikkje innfridde. Ho karakteriserer 1949-jubileet som ein «toppstyrt fiasko» (Warring 2003:127). Sjølv om dei offisielle seremoniane i høg grad blei gjennomførde etter planen, tyder publikums- og pressereaksjonane på at jubileet blei opplevd som ei pompøs feiring som ikkje engasjerte, men egga til kritikk og ironi. Det var det offisielle Danmark som feira seg sjølv! Sviktande oppmøte og engasjement gjorde at det var lite grunnlag for å snakke om folkefestar. Dei store satsingane, som historieverket og jubileumsfilmen, blei ikkje ferdige til jubileumsda-

gen. Historieverket fekk problem mellom anna på grunn av manglande konsensus om kven som skulle skrive den autoriserte grunnlovshistoria (Warring 2003:148). Grunnlovsfilmen sprengde alle budsjetttrammer, og han blei slakta av kritikarane og tatt av speleplanen etter kort tid. Den historiske utstillinga som blei produsert til jubileet, blei sett av berre 4 100 personar. Med tanke på at staten hadde satsa ca. 9 millionar kroner, som på den tida var eit stort beløp (og som faktisk ligg på same nivå som den statlege investeringa i 1999-jubileet), var resultatata magre (Warring 2003:130).

## Avsluttande kommentar: jubilering og historiebruk fram mot 2014

Eksempla viser at bruken av fortida i jubileum kan vere komplisert og kontroversiell. Ved det danske grunnlovsjubileet i 1949 la ein stor vekt på feiringa si historiske forankring gjennom ressurskrevjande produksjonar av historieverk, utstilling og spelefilm om grunnlova si historie. Men desse prosjekta ser ut til å ha fått problem med fleire av dei kompetansekrava vi har vore inne på: ønske om politisk styring og profilering skapte strid rundt kven som skulle skrive historieverket, og sviktande arrangementskompetanse førte til at fleire av produksjonane ikkje blei ferdige til jubileet. Kritikarslakt og låge publikumstal tyder på manglande dramaturgisk kompetanse og kanskje også dårleg kulturell kompetanse når det galdt å forstå kva som kunne treffe den danske folkesjela.

Det norske unionsjubileet i 2005 blei også kritisert for måten ein kombinerte det historiske og det dramaturgiske på. Ei felle er det vi har omtalt som edutainment-fella, der fakta og fiksjon blir blanda på ein uklår og upåliteleg måte. Ei anna felle er å skilje det historiefaglege så sterkt frå det arrangementsfaglege at ein ender opp med historiske produksjonar som ikkje blir brukte og integrerte i dei store jubileumsarrangementa, som dermed blir historielause folkefestar. Dette var kritikken mot fleire av dei store hundreårsfestivalane som Norge 2005 arrangerte, der hovudattraksjonane ofte var store rockekonsertar, og det meste av programmet hadde lita eller inga tilknytning til hendingane i 1905 (Brottveit og Aagedal 2006:126).

Korleis vil bruken av historia bli i det komande grunnlovsjubileet 2014? Dei signala som har kome fram frå planleggingsprosessen, kan tyde på at

ein vil prøve å unngå nokre av dei «fellene» 2005-markeringa blei kritisert for å hamne i. Det blir sagt at jubileet skal ha ei tydeleg historisk forankring. Det er løyvt pengar til eit eige forskingsprogram som skal ha resultata klare i 2013, slik at dei kan brukast i jubileet. I planane for iscenesetjing av jubileet blir det lagt vekt på å ta utgangspunkt i stader og hendingar som var viktige i 1814 (Eidsvoll, Moss, dei lokale stadene Eidsvollsmennene kom frå, osv.). Ein har ikkje oppretta eit stort arrangørselskap slik ein gjorde ved unionsjubileet, med arrangørselskapet Norge 2005. I staden ser det ut til at ein vil satsa på ei tettare politisk styring av jubileet gjennom Stortingets hovudkomité, samstundes som ein vil delegere formidlingsansvar og dramaturgisk ansvar til kunst- og kulturinstitusjonar, som blir oppmoda til å tenkje grunnlovsjubileet 2014 inn i sine produksjonsplanar. Dette er nokre førebels inntrykk ein kan få nokre år før jubileumsstart. Kva det endelege resultatet blir, vil tida vise, men åra framover vil vere ein interessant periode for den som er interessert i notida si bruk av fortida.

## Litteratur

- Brandt, T. (1999) «Da verden hadde fire hjørner». *Myter, historie og identitet rundt tusenårsjubiléet i Trondheim i 1997*. Trondheim: Hovudoppgave i historie, NTNU.
- Brottveit, Å., B.M. Hovland og O. Aagedal (2004) *Slik blir nordmenn norske. Bruk av nasjonale symbol i eit fleirkulturelt samfunn*. Oslo: Unipax.
- Brottveit, Å og O. Aagedal (2005) «Kampen om fortida. Unionsjubiléet som nasjonal identitetspolitikk». I *Sosiologi i dag* 3: 79–106.
- Brottveit, Å. og O. Aagedal (2006) «Kunsten å jubilere. Dyrkjøpte erfaringar frå unionsjubiléet. I *Nytt Norsk Tidsskrift* 2: 118–134.
- Dayan, D. og E. Katz (1996) *Media Events. The Live Broadcasting of History*. Cambridge: Harvard University Press.
- Eriksen, A. (1999): *Historie, minne og myte*. Oslo: Pax Forlag.
- Johnston, W.M. (1991) *Celebrations. The Cult of Anniversaries in Europe and the United States Today*. New Brunswick og London: Transaction Publishers.
- Køber, L.K. (2001) «Verre enn unionen med Sverige». *Om bruken av unionsbegrepet og historiske sammenligninger med unionen med Sverige i EEC/EF/EU-debattene 1961–1994*. Oslo: Hovudoppgave i historie, UIO.
- Warring, A. (2003) *Historie, magt og identitet. Grundlovsfejringar gjennom 150 år*. Aarhus: Aarhus Universitetsforlag.

- Warring, A. (2005) *Historiske jubiler som identitetspolitikk. Perspektiver på jubilæumsmarkeringer med utgangspunkt i danske grundlovsjubiler og sideblikk på unionsjubilet 2005*. Foredrag på seminar på Diakonhjemmet Høgskole 12.04.05.
- Aagedal, O. (2003) *Nasjonal symbolmakt*. Oslo: Rapport 55. Makt- og demokratiutredningen. Unipub skriftserier.
- Aagedal, O., H. Egeland og M. Villa (2009) *Lokalt kulturliv i endring*. Bergen: Fagbokforlaget.